
Saknr:	2020/48708-1
Saksbehandler	Birthe Andersen Haugen
Dato:	24.04.2020

Til: Kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Oppfølging av handlingsplan- vurdering av ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular

Oppfølging av handlingsplan – vurdering av ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular.

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune fatta i møte 25.11.19 PS-sak 101/2019 slikt vedtak:

- 1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen i Hordaland fylkeskommune arbeide vidare med forbetringpunkta etter vurdering av ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular, som ein del av arbeidet med førebuinga til fylkessamanslåinga frå 01.01.2020.*
- 2. Kontrollutvalet anmoder fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune, om å komme med tilbakemelding til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 20.04.2020, på korleis forbetringpunkta etter vurdering av ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular er ivareteke i den nye fylkeskommunen.*

Tabellen under syner oppfølginga av funna i rapporten.

Funn i rapport	Oppfølging	Ansvarleg	Frist	Status
<p>1. Sikre at berekning av «pott» til refusjon av kostnader til spesialundervisning ivaretek krav om likebehandling og krav om at berekninga av midlar til spesialundervisning skal vere relatert til talet elevar med spesialundervisning.</p> <p>I dette ligg det også at det må vurderast om måten å berekne «potten» på er den rette, då noverande berekningsmodell ikkje sikrar likebehandling.</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Utarbeide ny modell basert på tal timar med spesialundervisning totalt. Dette må gjerast som ein del av arbeidet med ny budsjettmodell for skulane 2. Felles budsjettpost for offentlege skular og friskular 		<p>20.06.20</p> <p>Budsjett 2020</p>	<p>Arbeidet med ny budsjettmodell for dei vidaregåande skulane er i gang. Prinsipp for ny budsjettmodell vert handsama i fylkestinget i juni 2020. Fylkestinget vedtok under budsjett-handsaminga i sak 14/19 verbalpunkt 16, i desember 2019 at «Fylkestinget vi kome attende til harmonisering mellom dei ulike skulane i fylket i budsjett 2021, forutsett at arbeidet med Mål- og Strategiplanen er ferdig og kan leggest til grunn.» Med dette som utgangspunkt vil ikkje ny budsjettmodell få verknad før i 2021. Fram til ny budsjettmodell er på plass vil dei fylkeskommunale skulane få sine budsjetttrammer basert på dei «gamle» budsjettmodellane frå Sogn og fjordane og Hordaland.</p> <p>Friskulane fekk i 2019 utbetalt krava for tidlegare år basert på tal timar spesialundervisning med lærar og assistent. Satsane som vart nytta var dei same som dei offentlege skulane får tildelt etter, ved særskilte tiltak for einskilde elevar. Satsane tilsvarar satsane som Utdanningsdirektoratet nyttar for spesialundervisning ved frittstående skular i utlandet. Fylkesrådmannen vil gje friskulane utbetaling for timar med spesialundervisning etter same berekning også i 2020. Det er ein felles budsjettpost «pott» for offentlege skular og friskular.</p>
<p>2. Utarbeide skriftlege retningslinjer og rutinar som skildrar modellen som blir nytta, prosessen med berekning av refusjon til skulane, eventuelle kompenserande tiltak mv.</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Lage rutineskriv som distribuerast til friskulane i VLFK 2. Invitere til fagsamling med friskulane, avdeling for opplæring og kompetanse og rettl.tenestene Fylkesmannen vert 	<p>Fylkesdirektør opplæring</p>	<p>01.01.20</p> <p>April 2020</p>	<p>Friskulane fekk 29.november brev med melding om midlertidige tildelingskriteriar. Brev om årets tildeling vert sendt skulane i veke 18. Endelege rutinar vert sendt når permanent modell er klar.</p> <p>Det var planlagt gjennomført ei fagsamling med friskulane våren 2020. På grunn av Koronapandemien er samlinga førebels utsett inntil vidare. Vestland fylkeskommune skal arrangere samlinga saman med fylkesmannen.</p>

Funn i rapport	Oppfølging	Ansvarleg	Frist	Status
	og invitert til samlinga.			
3. Syta for at tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune.	<ol style="list-style-type: none"> 1. Involvere seksjon kvalitet og seksjonsleiar 2. Del av budsjettarbeidet i 2020 3. Fagsamlinga 	Fylkesdirektør opplæring	01.10.19	Sjå pkt 1.
4. Fylkesrådmannen gjer ei ny vurdering av innkomne krav for refusjon av utgifter til spesialundervisning i perioden frå fylkeskommunen endra modellen for refusjon av utgifter til spesialundervisning. Gjennomgangen skal gjerast med sikte på å eventuelt tilbakebetale manglande utgiftsdekning for friskolane.	<ol style="list-style-type: none"> 1. Oversikt over underviste timar friskular 2. Lage «modell» for gamle saker med utgangspunkt i timetal spesialundervisning og utbetale eventuell differanse til friskulane 	Fylkesdirektør opplæring	15.10.19 20.11.19	Gjennomført Friskulane har ved utgangen av 2019 fått utbetalt krava for tidlegare år. Skulane fekk utbetaling basert på timesatsar for assistent og lærar.